



KRISE- OG BEREDSKAPSPLAN

Planen er retta mot informasjonshandtering ovanfor publikum og presse ved ein ulukke eller katastrofe som **Det frivillige Skyttervesen (DFS)** sine lag eller medlemmar kan bli involverte i. Korrekt og god informasjonen kan vere avgjerande for korleis situasjonen vert oppfatta av utanforståande.

Ansvar

DFS er ikkje pålagt eit generelt beredskapsansvar, men har eit generelt ansvar for medlemmane sine ved ein krisesituasjon. DFS sentralt har ikkje noko økonomisk ansvar for hendingar knytt til krisesituasjonar, dette er noko skyttarlaga må førebygge og forsikre seg mot. DFS kan i gitte situasjonar vere ansvarleg for å varsle og orientere politiet ved større ulukker eller katastrofer.

Kva gjer skyttarlaget når det oppstår ein krisesituasjon?

- ✓ Skyttarlaget varslar politi (**112**) som har ansvar for skadestadsleiing.
- ✓ Ambulanse (**113**) ved personskade og DFS sentralt.
- ✓ Varsling til DFS sentralt skjer direkte til personar i kriseleiinga, eller DFS sitt sentralbord **2317 2100** på kvardagar 09.00 - 15.00.

Krise- og beredskapsleiing

DFS sentralt har oppretta ei kriseleiing som skal vere til hjelp og handtere krisesituasjonar. Norges skyttarstyre har vedteke krise- og beredskapsplan med instruksar for kriseleiinga.

| Stilling/Funksjon | Navn | Telefon arbeid | Mobiltelefon |
|-------------------------------|------------------|-----------------|--------------|
| President (leder) | Olav K. Vaaje | 37 16 81 48 (p) | 950 25 915 |
| Visepresident | Henning Ivarrud | | 907 37 357 |
| Generalsekretær (nestleder) | Jarle Tvinnereim | 23 17 21 06 | 909 79 336 |
| Ass.gen.sek./Informasjonssjef | Terje Vestvik | 23 17 21 04 | 909 50 111 |
| GIHV (tilkalles ved behov) | Kristin Lund | 23 09 81 20 | 400 28 120 |

Oppgåver for kriseleiinga:

1. Hente inn opplysningar om situasjonen
2. Ta avgjersle om iverksetjing av tiltak
3. Prioritere ressursar frå DFS si side, og avklare behov for å vere tilstade lokalt
4. Halde kontakt med leiinga på skadestaden, eventuelt lokal redningsentral
5. Utarbeide og sende ut informasjon til publikum og media
6. Informere publikum og media direkte (intervju)
7. Rapportere om situasjonen til rette instansar